

Drifting av fiskefella i Etneelva.

Lossing - Transport.

Fella er på veg frå California pakka i ein 40 fots container og er venta til Etne 20. mars.

Me har avtale om lossing og mellombels lagring på tomta bak Kommunens drifts og vedlikehaldsavdeling på Enge. Transport fram til monteringsstaden går på lettare kjøretøy evt. med tilhengar.

Til lossing av containeren har me behov for ca. 6 personar og noko losseutstyr. Denne jobben har me tenkt å ta på dugnad og vil ta ca. to timar på dagtid den 20.3. Dei som har høve til å vera med på denne jobben vert bedne om å ta kontakt med Vidar på tlf. 97988354.

Montering.

Me tek sikte på at fella skal monterast i elva straks over påske, noko avhengig av vassføring. To personar frå leverandøren i California saman med to lokale tek seg av denne delen. Det trengst noko førebuingarbeid på tomta for brakke og kar. Me håpar å få ei avklaring på plasseringa innan kort tid.

Drifting.

Sjølve den daglege driftinga av fella er det meininga skal utførast av lokalt personell som vert tilsette og lønna av Pilotprosjektet / Fellestyret. Alle arbeidsgivarformalitetar vert ivareteke av Fellestyret og omfattar m.a. forsikringar, lønn, opplæring og sikkerhetsutstyr.

Fella skal i perioden 1. mai til 30. septembe røktast dagleg. Arbeidet med røktning av fella omfattar dagleg tilsyn med fella og tømning av fangstburet og flytting av fisk til samlekar på land.

Deretter overtek Havforskninga sine folk det vidare arbeidet med ulike registreringar og utsortering av rømd oppdrettslaks.

I ein opningsfase trur me at røktning av fella vil vera morgon og kveld. Etter kvart som mengda av fisk aukar må fella tømast oftare.

Arbeidet er tenkt gjennomført med inndeling i vaktlag der 3 – 4 vaktlederar har kvar si vekevakt og har med seg 2 personar på vekevakta. Vaktlederane vil vera sentrale i arbeidet og vil få eit større ansvar. Dei andre på vaktlaget vert sett opp på veketurnus fordelt over 25 veker, alt etter kor mange som melder seg.

Innbyrdes bytte på vaktlista for gjeldande veke/månads periode er mulig men me må ha trygghet for ei pålitelege gruppe.

Er du interessert i å vera med ?

Alle medlemmer av Etne Elveigarlag og Etne Jeger og Fiskeforening som kan tenkja seg å vera med på drifting av fella, mykje eller lite, vert bedne om straks å ta kontakt med Vidar på tlf. 97988354 eller e-post

vidar.borretzen@gmail.com

Seinare vil me kalla inn til informasjonsmøte og du kan deretter gi dit endelege svar.

Etne, 27.2.-13.

Vidar Børretzen

Lokal kontaktperson for Fellestyret